



Informasjonsnotat/orientering

Frå:

Jan Erik Boge

Informasjonsnotat om utbygging av breiband i Samnanger

Saknr/Journalnr	Arkivkode	Dato:
18/1074/21/3162//JEB	FE-053	15.04.2021

Kommunestyret gjorde følgjande vedtak 28.10.2020:

Samnanger kommune skal arbeide for å få like muligheter for tilgang til fibernett i hele kommunen. Kravet til netthastighet skal ikke være lavere enn det Forbrukerrådet anbefaler.

Det er ikkje heilt klart korleis dette vedtaket skal følgjast opp i praksis, ut over at kommunen søker om tilskot til breiband i fylkeskommunen sine årlege søknadsrundar. Kommunestyret har sjølv sagt også moglegheit til å løyva midlar utover dette, til område der det ikkje er kommersielt lønnsamt å byggja ut breiband. Kommunestyret sette for ein del år sidan av ein sum fondsmidlar til breiband (Sima – Samnanger-pengar). Det står i dag att i underkant av 45 000 kroner av desse midlane.

Nedanfor i dette notatet følgjer litt informasjon om breiband i kommunen.

Status i kommunen i dag

Mange område i kommunen har etter kvart grei breibanddekning. Nokre område har blitt bygt ut på rein kommersiell basis, andre har vorte delfinansiert med offentleg tilskot (kommunalt eller fylkeskommunalt). Eksempel på område som det er gitt offentleg tilskot til, er Tveit/Langeland, Eikedalen, Frøylandsdalen, Saga/Rolvsvåg og Bjelkarvikvegen. Det står framleis att nokre område med därleg eller manglende breibandstilbod. Dei mest «tettbygde» gjenståande områda er enten i ferd med å bli bygde ut, eller så er det nyleg lyst ut konkurranse om utbygging der. Sjå informasjonen i punkta nedanfor.

Søknadsrunde om breibandmidlar 2021 - søknadsfrist 14.05.2021

Fylkeskommunen har nyleg lyst ut midlar til utbygging av breiband (søknadsrunden i 2021) i område der det ikkje er kommersielt lønnsamt i byggja ut. Det er i alt sett av 22 mnok som kommunane i Vestland kan søkja om i denne søknadsrunden. Søknadsfristen er 14.05.2021.

Søknadsrunde om breibandmidlar 2020

Samnanger har fått tilsegn om tilskotsmidlar til to område i fylkeskommunen sin 2020-søknadsrunde. Det er nyleg, gjennom fylkeskommunen, kunngjort konkurranse om breibandutbygging i følgjande område:

- Øvre delar av Steinslandsvegen (Bolstadhaugen) og øvre delar av Gjerdsvegen (frå barneskulen og opp til Dalane)
- Kleppe – Kvernes – Skar – Litangen – Li

Tilskotet i 2020-søknadsrunden vart opprinnleget tildelt området Hisdal – Trengereidfjord, men i dette området har Kvamnet no bestemt seg for å byggja ut fibernett/forsterka trådlaust breiband på rein kommersiell basis. Fylkeskommunen har som følgje av dette omdisponert tilskotsmidlar til områda i punkt 1 og 2 ovanfor.

Søknadsrunde om breibandmidlar 2019

Samnanger fekk også tilsegn om tilskotsmidlar i fylkeskommunen sin 2019-søknadsrunde, til strekninga/området Ytre-Tysse – Barmen – Gaupholm – Øpstebø – Utskot. Bergen Fiber vart i 2020 valt som utbyggjar her, og dei er no i startfasen av utbygginga. Utbygginga på strekninga Ytre-Tysse - Sætervika har blitt forseinka i påvente av gjennomføring av kommunen sitt VA-prosjekt på Ytre-Tysse, og vil truleg ikkje koma i gang før i 2022. Utbygginga på delar av resten av strekninga er i gang.

Kan alle område i kommunen få fiber?

Kommunestyret sitt vedtak om tilgang til **fibernett** er ikkje heilt i tråd med fylkeskommunen sine kriterium for tilskot til brebandsutbygging. Som følgje av EØS-reglane har kommunen så vidt eg forstår ikkje høve til å stilla krav om ein bestemt teknologi (for eksempel fiber), berre om kapasitet/hastigkeit/innhald. Dette betyr at ulike former for trådlaust breiband også kan vera aktuelt dersom kapasiteten/hastigheten er i samsvar med dei krava som vert stilt. Nokre stader i Samnanger vil utbyggingskostnaden per husstand verta svært høg dersom det skal byggjast fiber, på grunn av lange avstandar og spreidd busetnad. I slike område vil kanskje trådlaust/mobilt breiband (eller eventuelt breiband via satellitt) vera det mest realistiske moglege tilbodet. Hastigheten/kapasiteten på ulike former for trådlaust/mobilt breiband er i stadig utvikling, og vil for ein god del husstandar kunne gje eit føremålstenleg breibandstilbod.

Tilbodet om breiband via Telenor sitt gamle koparnett i ferd med å byggjast ned. Dei fleste som i dag har breiband via koparnettet vil truleg måtte gå over til andre tekniske løysingar i løpet av relativt kort tid. For eksempel vil den planlagte fiberutbygginga på Ytre-Tysse gjera at noverande "koparkundar" der vil få tilbod om breiband via fiber.

Kva område kan vera aktuelle for kommunen å søkja om tilskotsmidlar til i 2021-søknadsrunden?

Truleg kan mellom anna følgjande område vera aktuelle å søkja om tilskot til i fylkeskommunen sin søknadsrunde i 2021:

- **Haukaneset.** Nokre husstandar har i dag ikkje tilbod om verken fiber eller trådlaust breiband, med unnatak av trådlaust breiband over mobilnettet. Kvamnet AS har opplyst at dei eventuelt vil kunne sjå på moglegheit for bygging av ei trådlaus løysing for desse husstandane. Bergen Fiber har opplyst at dei treng tilskot på om lag 180 000 kroner for å byggja fiber til desse husstandane.
- **Høysæter og Børddalen.** I dette området er det nokre husstandar og mange fritidsbustader. Det er i dag tilbod om trådlaust breiband frå Kvamnet på Høysæter. Det vert ikkje gitt tilskot frå fylkeskommunen til utbygging av breiband til fritidsbustader. Det kan henda at Kvamnet snart vil tilby auka kapasitet/hastigkeit på det trådlause breibandet på Høysæter, gjennom utskifting av radiosendarar/teknisk utstyr.
- **Område med spreidd busetnad som kanskje bør kartleggjast nærmare:**
 - Strekninga frå krysset til Totrævegen og inn til Kvitingen.
 - Storli